

Referat frå styremøte nr. 4-2025

Dato: 30.05.25

Tid: kl. 10.00-10.40

Stad: Teams

Til stades frå styret:

Styreleiar Kenneth Langvatn (ordfører i Giske kommune)

Nestleiar Sølvi Dimmen (ordfører i Volda kommune)

Styremedlem Terese Jemtegård Moen (ordfører i Fjord kommune)

Styremedlem Vebjørn Krogsæter (ordfører i Haram kommune)

Styremedlem Ann-Kathrin Storøy (ordfører i Herøy kommune)

Styremedlem Håkon Lykkebø Strand (ordfører i Ålesund kommune)

Styremedlem Monica Molvær (varaordfører i Ålesund kommune)

1. varamedlem Lena Landsverk Sande (varaordfører i Vanylven kommune)

Frå administrasjonen i SR:

Dagleg leiar Sverre Øvrelid Steen

Referent:

Sverre Øvrelid Steen

Sak 30/25: Godkjenning av innkalling. Saker til eventuelt

Ved styreleiar Kenneth Langvatn

Vedtak: Innkallinga vert godkjend.

Sak 31/25: Godkjenning av referat frå styremøte nr. 3-25

Ved styreleiar Kenneth Langvatn

Vedtak: Referatet frå styremøte nr. 3-25 vert godkjend.

Sak 23/25: Omorganisering av Sunnmøre Regionråd IKS og forslag til ny samarbeidsavtale

Ved dagleg leiar Sverre Øvrelid Steen

Det blei orientert om prosessen med å gjere om Sunnmøre regionråd IKS til interkommunalt politisk råd (IPR).

For å bli eit eige rettssubjekt må vedtaket i representantskapet gjerast om, i kombinasjon med at framlegg til ny samarbeidsavtale vert handsama av alle kommunestyre i medlemskommunane.

I styremøte nr. 2-25 fatta styret eit intensjonsvedtak: «Styret tek orienteringa til vitande, og tilrår representantskapet om å vedta at Sunnmøre Regionråd IPR vert eige rettssubjekt, og at det gjerast naudsynte endringar i innhaldet i samarbeidsavtalen.»

Det blei gjort greie for forslaget til ny samarbeidsavtale, som Kommuneadvokaten i Ålesund hadde kvalitetssikra. Det blei gjort enkelte endringar i utkastet til avtale under møtet, som blei skrive inn direkte i utkastet under møtet, og det var dette utkastet som låg til grunn for styret si tilråding.

Tilråding til representantskapet: Representantskapet i Sunnmøre Regionråd IKS sluttar seg til det nye forslaget til samarbeidsavtale, der Sunnmøre regionråd IPR vert eit eige rettssubjekt.

Administrasjonen sender over sak til handsaming i kommunestyra.

Sak 33/25: Deltaking i forskingsprosjektet «Berekraftig turisme og digitale løysinger»

Ved dagleg leiar Sverre Øvrelid Steen

Det blei gjort kort greie for invitasjonen til å delta i eit forskingsprosjekt, kva som krevst av regionrådet og kva gevinstar dette eventuelt kan gi.

Kort fortalt skal ein gjennom prosjektet utvikle ein samarbeidsbasert digital plattform som gir kystbaserte små og mellomstore bedrifter eigarskap til data, skaper meirverdi for både lokalsamfunn og besøkande, samstundes som klimautslepp vert redusert.

Gevinstane for regionen handlar m.a. om:

- Styrka lokal kontroll over turistdata slik at turiststraumar og investeringar lettare kan styrast.
- Auka verdiskaping i regionen, gjennom betre lønnsemd då globale aktører ikkje tek mellomlegg.
- Nye inntektsstraumer og arbeidsplassar i distrikta.
- 20-30 % CO2-reduksjon per turist gjennom smartare transport og rutevalg. Det skal skje gjennom samarbeid med EnTur for betre kollektivtransport i regionen, som tener både befolkninga og turistane.

Saka skulle egentleg opp handsamast i representantskapet, men grunna flytting av deira neste møte måtte styret gjere vedtak for å rekke søknadsfristen.

Vedtak: Styret vedtar at Sunnmøre Regionråd vert med i prosjektet «Berekraftig turisme og digitale løysinger».

Sak 34/25 Svar får Helse Midt-Norge RHF på uttale frå Sunnmøre regionråd med bekymring for tilbudet om spesialisthelsetenester på Sunnmøre (referatsak)